

## Protokoll frå styremøte i NGIR

**Tid:** 14.12.2015, kl 13.30 – 16.30

**Stad:** Manger, Smiths Møte- og selskapslokale

### Frå styret møte:

Helge Fjellanger (leiar), Ottar Skjelvik (nestleiar), Kari Torkildsen Utkilen, Vigdis Søvik, Martin Soltveit (1. vara)

### Frå administrasjonen møte:

Rune Ones (nestleiar)

### Frå styret møte ikkje:

Kristin Handeland

### Frå representantskapet møte ikkje:

Sveinung Kråkås

Møtet starta med omvisning på gjenvinningsstasjonen på Manger, der ordførar i Radøy Jon Askeland deltok. Han var også med på eit uformelt møte i førekant av styremøtet.

Etter styremøtet vart det servert julemiddag til deltakarane på møtet.

### Sakliste:

- Sak 17/15 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 18/15 Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Sak 19/15 Meldingar
  - a. Diverse munnleg orientering
  - b. Rekneskap per 3. kvartal 2015
  - c. Næringsavfall på gjenvinningsstasjonar
- Sak 20/15 Møteplan 2016
- Sak 21/15 Store køyrety på gjenvinningsstasjonar
- Sak 22/15 Søknad om prosjektstøtte til innføring av vegadresser i Solund kommune
- Sak 23/15 Sal av eigedom
- Sak 24/15 Kjøp av tilleggsareal til gjenvinningsstasjonar
- Sak 25/15 Lønsforhandlingar 2015
- Sak 26/15 Klagesaker renovasjonsgebyr

## **Sak 17/15 Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

## **Sak 18/15 Godkjenning av protokoll frå førre møte**

Protokoll frå styremøtet 13.10.2015 vart godkjent og signert.

## **Sak 19/15 Meldingar**

### **a) Diverse munnleg orientering**

#### **1) Marknadssituasjon for omsetting av avfallstrevirke**

NGIR har ca 4000 tonn trevirke på lager. Det har i store delar av året vore svikt i omsetning av avfallstrevirke. Forbrenningsanlegga har tatt imot minimalt og avfallstrevirke har hopa seg opp hjå dei fleste avfallsanlegg. All vidarelevering krev kverning/flising av trevirket på førehand. NGIR har freista å få til transport/utskipingsordningar utan å lukkast. Ein har no ei mogeleg avtale med jamn utkøyring (eitt vogntog/dag), men NGIR har ikkje den storleiken på flisa som er etterspurd. Leiger ein flising, må det flisast relativt store mengder per gong grunna høge rigggkostnader. Store oppfliste mengder reduserer haldbarheita på flisa, og ein vil få kvalitetstrekk for fukt og råte. Dersom NGIR sjølv flisar rett storleik, unngår ein lagringstid og kan levera "fersk" flis. Administrasjonen vurderer no å investera i utstyr som kan produsera den flisstorleiken som er etterspurd for å få i gong levering. Vel ein tilleggsutstyr til eksisterande kvern, vert dette ei investering på ca 1 mill. Vert ei slik investering aktuell, kjem administrasjonen attende til styret med sak om dette.

#### **2) Reguleringsplan og byggesaker**

Reguleringsplanen for Kjevikdalen er godkjent.

Detaljprosjektering av reinseanlegg vert sett i gong umiddelbart over nyttår. Dette er utsett litt fordi ein ville ha med eit "sigevasseminar" den 26.11, samt få resultat frå eit prosjekt knytt til testreinsing med ny reinsemetodikk som skjer no før jul.

Det vil verta tatt ny kontakt med grunneigarane som ein er avhengige av å kjøpa grunn frå.

Administrasjonen skal ha møte med byggesaksavdelinga i Lindås kommune for å diskutera eventuelle problemstillingar kring bygging i strandsona (reinseanlegg), og langvarig sprengings- og planeringsarbeid i området som no er regulert til industriføremål, mellom deponiet og administrasjonsbygget.

### **3) utfordringar med veke 53**

Som kjent er det i år 4 vekedagar som kjem i veke 53. Dette lagar store utfordringar for abonnentane, NGIR og Retura som transportør, med omsyn til at ein får to oddetalsveker etter kvarandre. NGIR har hatt denne situasjonen før, men i år er det spesielt, fordi det råkar så godt som alle abonnentane. Det har vore jobba relativt mykje med å sikra god og rett informasjon gjennom NGIR-nytt (som vart sendt ut i veke 50), avisannonser, på NGIR sin nettstad og facebookside, og via sms-meldingar direkte til hushaldskundane. I tillegg ligg det spesifisert informasjon for kvar innsamlingsrute i resepsjonen hjå NGIR, slik at abonnentar kan få presis informasjon om dei ringer.

### **4) Prøveprosjekt for kompostering av matavfall**

NGIR har inngått avtale med BioCoTech as om eitt års prøveprosjekt med reaktorkompostering av matavfall frå hushalda. Prinsippet er bygd på at avfallet vert mata via ei kvern inn i eit kammer med storleik som ein 30m3 konteinar. Inne i kammeret vert avfallet varma opp, og gjennom ein elteprosess får ein ut ein relativt tørr kompost etter 24 timars opphald i maskina. Komposten er då klar for ettermodning. BioCoTech vil gjennomføra testperioden til den kost NGIR i dag har med matavfallet, og tar alle utfordringar med drift i prøveperioden. NGIR må rigga straumtilførsel til anlegget. Testinga vil omfatta ca 1/5 av mengda bioavfall frå hushalda. Det er truleg utfordringar med korleis utstyret let seg drifta med så store mengder plast som det erfaringsmessig er i matavfallet, og korleis ein får plastrestar ut or komposten. Prosjektet startar opp i mars.

### **5) Forbrenningsanbod**

Det ute anbod på forbrenning av restavfall, med 15.01.16 som leveringsfrist. Anbodsgrunnlaget er nesten identisk med førre anbod, med berre få små justeringar. Dagleg leiar reknar med at det kan verta ein auke i prisen samanlikna med i dag.

### **6) Nedgravne avfallsløysingar**

Det melder seg trong for nedgravne avfallsløysingar i tettbygde strøk i vår region. NGIR har så langt berre tilbydt konteinarløysingar på overflatenivå til burettslag etc. Når fortetting skjer er det føremålstenleg å leggja avfallsoppsamlinga under bakkenivå, der innkast av ulike fraksjonar skjer via innkastboksar på overflata. Løysinga er primært ynskt av visuelle årsaker. Nedgravne avfallsløysingar krev at avfallsselskapet har gjort ein del prinsipielle val med omsyn til ulike grensesnitt mellom utbyggjar, burettslag (sjølveigarlag), evt driftsselskap og avfallsselskapet. Det finst ulike modellar for korleis avfallsselskap rundt i landet har løyst dette. BIR har arbeidd fram sine løysingar, og NGIR har bede seg inn til eit møte med dei, for å freista å få hjelp til å gjera dei rette vala med å etablera ordningar i vår region.

### **7) EE-avfall frå hushalda**

ERP (returselskap for hushaldselektro) som har vore NGIR sin avtalepart for henting av EE-avfall i nokre år, har sagt opp sin avtale med NGIR fordi dei har henta inn meir enn sin del av avfallet i marknaden. Det er i møte gjort greie for ein del merkverdige forhold i samband med etablering av avtale med nytt selskap (underentreprenør for EL-retur), der NGIR får monaleg mindre betalt (ikkje mogeleg å forhandla) for arbeidet, og returselskapet tilbyr dårlegare praktiske løysingar. Det var ikkje mogeleg å få avtale med andre returselskap. NGIR har inngått ei kortsiktig avtale, men vil freista å få til betre løysingar gjennom felles anbod innanfor KAV-samarbeidet.

### **b) Rekneskap per 3. kvartal**

Det vart lagt fram relativt detaljert rekneskap for dei ulike avdelingane hjå NGIR for 3. kvartal 2015. Styret hadde berre mindre merknader til rekneskapen.

### **c) Næringsavfall på gjenvinningsstasjonar**

Styret diskuterte utgreiinga som var sendt ut, og aksepterte dagleg leiar sin konklusjon. Det var likevel ynskje frå styret at administrasjonen freista å få til ei prøveordning der bedrifter førebels berre får høve til å levera ordinært avfall, og ikkje farleg avfall. Det kom og innspel på å vurdere andre opningstider, t.d. på føremiddag på eksisterande opningsdagar. Det vert arbeidd vidare med saka, og med dei innspel styret har kome med. Det vert meldt attende til styret.

## **Sak 20/15 Møteplan 2016**

Styret meinte det var litt lenge til neste styremøte, og ynskte om mogeleg å få ei orientering i mellomtida, eventuelt berre på e-post (jfr sak 19/15c og sak 21/15).

### **Dagleg leiar sitt framlegg til møteplan vart godkjent med følgjande endring:**

Møtet 14.03.16 vert flytta til den 15.03.16, same stad og klokkeslett.

(Tidspunktet er førelagt K. Handeland, og akseptert. Ref.anm.)

## **Sak 21/15 Store køyrety på gjenvinningsstasjonar**

Saka vart diskutert, og styret meinte at framlagt risikovurdering vog tungt for å vedta dagleg leiar sitt framlegg. Ein såg likevel problem med at dei som berre nytta traktorar og lånte større varebilar ikkje fekk kasta større mengder i ein eingong, og då ikkje hadde andre alternativ enn å køyra i Kjevikdalen.

Styret ynskte å innføra ordninga, men vil utsetja gjennomføringa til administrasjonen har greidd ut alternativet i sak 19/15c med opning for levering av ordinært næringsavfall, slik at denne ordninga kan gje kundane eit alternativ.

### **Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

For å ivareta HMT vert gjenvinningsstasjonane stengt for køyrety over 3,5 tonn tillatt totalvekt. Dei som leverer avfall i traktorar/store køyrety i Kjevikdalen betalar for avfallet etter standard prisliste.

### **Styreleiar sitt framlegg til vedtak:**

Styret er samd i dagleg leiar sitt framlegg til vedtak, men utset gjennomføring av det til administrasjonen har greidd ut alternativet med prøveordning for levering av ordinært næringsavfall på gjenvinningsstasjonane.

**Styreleiar sitt framlegg vart samrøystes vedtatt av styret.**

## **Sak 22/15 Søknad om støtte til innføring av vegadresser i Solund kommune**

### **Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak**

NGIR bidreg med kr 10 000 til innføring av vegadresser i Solund kommune.

**Samrøystes vedtatt av styret.**

### **Sak 23/15 Sal av eigedom**

Saka gjeld sal av NGIR sin eigedom i Knarvik, "Knarvik Gjenbruksstasjon".

**Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Eigedomen vert lagt ut for sal til høgstbydande.

**Samrøystes vedtatt av styret.**

### **Sak 24/15 Kjøp av tilleggsareal til gjenvinningsstasjonar**

Saka gjeld ynskje om kjøp av tilleggsareal til stasjonane på Litlås og Manger.

Berre kjøp på Manger vart realitetshandsama.

Styret meinte at taksten på Manger var høg, og at administrasjonen må sjå på om ein treng

3 da, eller om ein kan klara seg med mindre.

**Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Det vert tatt opp forhandlingar med Radøy kommune om kjøp av tilleggsareal.

**Samrøystes vedtatt av styret.**

### **Sak 25/15 Lønsforhandlingar 2015**

Styret fastsette løn til dagleg leiar.

## Sak 26/15 Klagesaker renovasjonsgebyr

Styret som klageorgan handsama klagen som var sett fram. Ein fann ikkje at det i forskrift og regelverk var grunnlag for å ta klagen til følge.

### Administrasjonen sitt vedtak av 11.11.15:

Det vert ikkje gjeve fritak då vilkåra for fritak ikkje er oppfylte. Søknaden vert ikkje innvilga.

### Klageorganet si avgjersle:

Klagen vert ikkje teke til følge, og administrasjonen sitt vedtak vert oppretthalde.

*Manger 14.12.2015*

-----  
Helge Fjellanger  
-styreleiar-

-----  
Ottar Skjelvik  
-styremedlem-

-----  
Vigdis Søyvik  
-styremedlem-

-----  
Kari Torkildsen Utkilen  
-styremedlem-

-----  
Martin Soltveit  
-1. vara-

